

Ambulanse i elva med slitne piggdekk

■ ■ Tre personar til legesjekk etter utforkøyning i Marheimselvi

Indre Hafslo: **Sjekk desse piggdekk! Om lag halvparten av piggane er vekke frå dekk til ambulansen som skal utføra livsviktige oppdrag for Helse Førde på smale og glatte vintervegar i Sogn.**

Renate Sæle og Tor Yttri
renate @sognavis.no

Litt før klokka 14 i går ettermiddag hamna ambulansen utfor riksveg 55 ved Lambhaug og i Marheimselvi. Lukkelegvis vart ingen av dei tre personane i ambulansen alvorleg skadde. Alle tre vart køyrde til legesjekk etter den dramatiske utforkøyninga.

Mista kontrollen

Ambulansen, som var ute på vanleg transportoppdrag med ein pasient, har mista kontrollen på slapseføret i den slake venstresvingen. På veg mot Gaupne og Marheimsgjelet har det høgre hjulparet kome utanfor vegkanten, brasa gjennom rekkverket og i elva. Truleg har rekkverket ved avkøyrsla til Sviggum dempa farten mykje og hindra eit meir alvorleg utfall.

– Du kan no sjå sjølv, seier politioverbetjent Svein Inge Harberg til Sogn Avis når me spør han om standarden på dekk Helse Førde-ambulansen er utstyrt med. Sogn Avis sin utsende ser ein ambulanse med skremmande dårlege vinterdekk liggja på sida nede i Marheimselvi. Mønsteret på dekk er slitte, og berre om lag halvparten av piggane står framleis att i dekk, dei andre er svært slitne. Dette er ein ambulanse som skal frakta fødande kvinner til sjukehus og utføra andre livsviktige oppdrag på vegar av høgst varierende standard.

Til sjukehus

Det var snøslaps i vegen då utforkøyninga skjedde klokka 13.40 i går, då ambulansen



Fotoet viser at piggdekk til ambulansen kunne vore i betre stand (Foto: Tor Yttri)

var på veg mot Gaupne på transportoppdrag.

Det var eit personell på to og ein pasient i ambulansen som køyrde på elva, og desse vart alle sende til legevakta.

Ein av dei ambulansetilsette vart seinare send til observasjon på sentralsjukehuset i Førde, medan den andre fekk poliklinisk undersøking på Lærdal sjukehus.

Pasienten i ulukkesambulansen kunne reisa heim etter å ha vore på legevakta, melder Helse Førde.

– Skadane er, så vidt me kjenner til, ikkje alvorlege, seier operasjonsleiar ved Sogn og Fjordane politidistrikt Stig Inge Hauge.

Omkøyning

Riksveg 55 mellom Hafslo og Gaupne var stengd i periodar i samband med ulukka og bilberging. Omkøyning skjedde då via fylkesvegen.

Ambulansetenesta sette i går i verk tiltak for å ivareta ambulansepersonellet.